# Sogn Dagblad

LAURDAG
Nr. 12?


# 40 METER frå ubåt



– Eg kom vel for brått på ubåten.

Det seier Sverre Ness (biletet) frå Lifjorden etter at han torsdag ettermiddag nær hadde kollidert med ein framand ubåt i Tollesundet i Solund.

Det skilde berre 40 meter mellom Sverres passbåt og den framande undervannskjempa.

I heile går vart det leita etter ubåten rundt innløpet til Sognefjorden og i Åfjorden.

**Side 6**




## Også statsadvokaten sa nei:

# Viltnemndene går

# Lettare å få sommarjobb i

# 40 m frå kjempe-ubåt

**—Eg kom sikkert for bardus på ubåten slik at han ikkje fekk dukke. Det seier Sverre Ness frå Lifjorden i Hyllestad etter at han torsdag ettermiddag nær hadde kollidert med ein stor, framand ubåt i Tollesundet mellom Skorpa og Losna. Ness seier at då ubåten dukka, var han ikkje meir enn 40 meter frå han.**

TEKST OG FOTO:
STEIN ARNE OTTESEN




*Sverre Ness sat i eit langt avhøyr på lensmannskontoret i Hyllestad natt til fredag. Først seint på natta hadde politi og militære ekspertar fått alle dei opplysningar dei ville ha hos han.*

—Eg gjekk nær land, og då eg runda eit nes, låg brått ubåten der, 120 - 130 meter framfor båten. Ness fortel at han gjekk med over 30 knops fart og nærma seg ubåten snøgt. Sverre Ness måtte dreie inn mot land for ikkje å renne inn i den store ubåten.

—Hadde eg følgt leia, ville båten truleg ha fått meg inn på radaren og dukka i tide. Dermed hadde han nok ikkje blitt oppdaga i det folketome Tollesundet. Mellom dei høge fjellskrentane på Losna og Skorpa ferdast det lite folk og båtar.

**SØR FOR SKORPEHOLMEN**

Ness oppdaga ubåten sør for Skorpeholmen der Tollesundet munnar ut i Krakhellesundet. Han var på veg nordover sundet og følgde landet på Skorpa. Ubåten var på veg inn sundet i overflatestilling då dei møttest. Ness skulle frå Lifjorden til Bjørnestad for å

## Nattleg avhøyr

Sogn Dagblad møtte Sverre Ness natt til i går like etter at han var ferdig med lange avhøyr hos politi og militære ekspertar. Der forklåra han dei at båten var svært stor - langt større enn dei norske ubåtane. Faktisk var båten så stor at det overraska dei militære ekspertane. Dei hadde

dimensjonar inne i den norske skjergarden.

—No kan det vere vanskeleg å bedømme storleiken på ein ubåt som dukkar like framfor baugen på ein båt som nærmar seg i over tretti knops fart, og båten kan ha verka noko større på Ness enn han eigentleg var, sa ein representant frå Sjøforsvaret etter av-

Orlogskaptein Terje Nygård:

## —Vi stolar på opplysningane

**i Hardbakke**

Solund kommun...
bygningsrådet f...
å setje inn eit ei...
ge i underhøgda...
huset.

**Kai i Solund**

Arthur Strømm...
lund bygnings...

Laurdag 1 juni '85